Kultur og Humaniora nytt

Nr. 23, 26. jan. 2006

Eit meldingsark frå

Institutt for kultur- og humanistiske fag

Avdeling for allmennvitskaplege fag, Høgskolen i Telemark

http://www.hit.no/af/kh/

Ansv. red.: Kristian Hanto
Bladfyk: Øyvind T. Gulliksen

2005 – eit vendepunkt for kulturfag

Me har bak oss eit stort år for instituttet. Fagmiljøet har fått ei stor utfordring i å få vere med på å byggje opp det nye doktorgradsprogrammet i kulturfag. Det skjedde same året som studiet i kulturarbeid – "kulturstudiet" – kunne feire 30-årsjubileum. Studiet er alle norske kulturutdanningar si mor, og jubileet blei ei brei og imponerande mobilisering av tidlegare studentar og etablerte kulturadministratorar i sentrale stillingar i Kultur-Noreg. Me kjem tilbake til dette jubileet i neste nummer.

2005 var året då masterutdanninga i kulturstudiar fekk ei ny valretning, slik at studentane no kan velje mellom ei kulturanalytisk og ei kulturadministrativ retning i masteren sin.

2005 var også året då Senter for kultur- og idrettsstudiar gjennomførte sitt fyrste heile driftsår, til støtte og stimulans for forskingsoppgåver på kultur- og idrettsfeltet. Senteret er eit samarbeid mellom Telemarkforsking-Bø og Høgskolen i Telemark, der Institutt for idretts- og friluftslivsfag og Institutt for kultur- og humanistiske fag har direkte representasjon i styringsgruppa på vegner av Høgskolen. Senteret har så langt lukkast med hovudambisjonen: - å konsolidere og styrke det samla kultur- og idrettsfaglege forskingsmiljøet i Bø.

Begge deltidsstudia i kulturformidling hadde eit hovudår i gjennomføringa av ny studieplan. Deltidsstudiet i kuratorarbeid og kunstformidling tilbyr me i samarbeid med den offentleg finansierte organisasjonen Norske kunstforeninger. Dette tilbodet står framfor ei ny vitalisering og auka satsing ved at ein tredje svært sentral samarbeidspartnar kjem med i 2006: Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design. Deltidsstudiet i musikk- og kulturadministrasjon kan også sjå attende på eit år med svært gode tilbakemeldingar frå studentane. Dei er halvvegs i siste modulen i denne omgangen: Kultur, administrasjon og leiing.

Det sterke humanistiske fagmiljøet innan kulturfaga historie, norsk, engelsk og filosofi viste seg også i 2005 som eit viktig fundament for vidare satsing på kulturstudiar og det framtidige doktorgradsprogrammet i kulturfag – og universitetsambisjonen. Me såg i fjor ei gledeleg aukande forståing for dette i høgskolestyret og mellom gode kollegaer i tilgrensande fagmiljø ved høgskolen. I samarbeid med Avdeling for estetiske fag, folkekultur og lærarutdanning utvikla representantar for det humanistiske fagmiljøet hos oss også eit framlegg om ei ny masterutdanning i norsk og engelsk, fagdidaktisk retning. Departementet vil få søknaden i år, og studiet vil etter planen ta til i august 2007.

Avdeling for allmennvitskaplege fag si viktige strategiske løyving i fjor på ½ million til vidareutvikling av Forfattarstudiet er overført til 2006, og arbeidet med å finne eksterne samarbeidspartnarar for å trygge utviklinga av eit toårig studium og bachelorutdanning i skrivekunst held fram. Førebels har me dessverre ikkje fått gjennomslag for kunstfagleg statleg finansiering av dette kanskje mest positivt medieomtala og meritterte einskildstudiet ved Høgskolen i Telemark.

Fagmiljøet ved instituttet vil få ei sentral rolle i arbeidet med å gjere viktige delar av universitetsplanen til røyndom. Dette er ei rolle instituttet med glede har tatt til med å setje seg inn i.

Kultur og humaniora i *Strategisk Plan* og i utgreiing om nytt doktorgradsprogram i kulturfag

Strategisk plan for HiT 2005–2009 var oppe til behandling i Høgskolestyret i februar i fjor. I referatet frå møtet går det fram at fagnemninga *humaniora* forsvann frå planen. Meininga er at humaniora no skal vere underforstått i *kultur*-omgrepet.

I planen slik han blei lagt fram frå arbeidsgruppa til styret, var undervisninga ved HiT inndelt i fem fagområde. Eitt av dei var "Kultur- og kunstfag, derunder humaniora". Dette reflekterte eit ønskje både frå Institutt for kultur- og humanistiske fag og Avdeling for allmennvitskaplege fag. I eit brev frå rektor var det tidlegare inndelt i seks fagfelt. Me gjorde då framlegg om at *humaniora* skulle kome med som ein solid del av *kulturfag*.

På møtet kom det eit framlegg om at ein skulle gå attende til inndelinga i seks fagområde, slik at "kunst- og kulturfag" og "humaniora" skulle vere to fagområde, ikkje eitt. Framlegget fall med 8 mot 3 stemmer.

På bakgrunn av debatten i styret kom høgskoledirektøren med framlegg om at nemninga "kultur- og kunstfag, herunder humaniora" skulle endrast i heile planen til "kulturfag". Det blei samrøystes vedteke, og dermed datt humaniora, *i namnet*, ut frå Strategisk plan. Det er no integrert i nemninga *kultur*.

Spørsmålet har vore med på lasset når Mangset-utvalet har levert 1. fase av utgreiinga om eit doktorgradsprogram i kulturfag. Utvalet har samrøystes gjort framlegg om at det blir etablert eit doktorgradsstudium i kulturstudiar med ei fleirfagleg, tematisk organisering i dei to spissingsområda Kulturpolitikk og kulturformidling og Kulturproduksjon og estetisk praksis.



Professor Per Mangset

Frå Avdeling for allmennvitskaplege fag kom m.a. ein høyringsmerknad om dei humanistiske faga sin plass i utgreiinga. I avgrensinga av doktorgradsstudiet meiner avdelinga at det humanistiske innhaldet, som litteratur, språk og historie, er underkommunisert i overskriftene "Kulturpolitikk og kulturformidling" og "Kulturproduksjon og estetisk praksis". Dei humanistiske faga kjem likevel meir fram elles i teksten.

Styret ga i desembermøtet si tilslutning til den avgrensinga utvalet hadde gjort framlegg om.

Då 1700-talet kom til Bø

Norsk selskap for 1700-talsstudiar hadde lagt den store tverrfaglege konferansen sin for 2005 til HiT i Bø frå 22. til 24 september. Emnet denne gongen var ”oppdagelsen av det politiske”.

Norsk selskap for 1700-talsstudiar har gjennom den siste toårsperioden stort sett vore styrt frå Bø, med Otto M. Christensen (leiar), Olav Solberg (skrivar) og Sven Arntzen (kassestyrar).

Hovedemnet for konferansen ble elta ut frå tre ulike perspektiv, fordelt på dei tre konferansedagane: Lese- og skrivekultur, politisk teori og kunst og samfunn. Det var mange som fekk glede av eitt eller fleire av dei 26 konferanseinnlegga. Ikkje minst var det mange som nytta høvet til å høyre på dei fire inviterte innleiarane: Jostein Fet (Volda), Quentin Skinner (Cambridge), Rebecka Lettevall (Södertörn) og Øystein Rian (Oslo).



Quentin Skinner (biletet) blei i høve vitjinga i Bø omtala i ein heilsides kronikk i Dagbladet, og intervjua over to sider i Morgenbladet, ein liten peikepinn om posisjonen hans.

Fire av instituttet sine eigne fagtilsette kom også med innlegg under konferansen: Sven Arntzen, Olav Solberg, Peter Fjågesund og Anne Svånaug Haugan. God profilering av fagmiljøet ved IKH. Bø-miljøet fekk elles mange godord for arrangementet. Masterstudenten i kulturstudiar Marit Svalastog fungerte som ein glimrande konferansesekretær både før og under sjølve arrangementet, og må få ein stor del av heideren for suksessen.

Tilskipinga fekk økonomisk støtte frå Nasjonalt forskerutdanningsutvalg for historisk-filosofiske fag, Institusjonen Fritt Ord og vår eiga Avdeling for allmennvitskaplege fag.

Forum for litteratur og religion

- har lenge hatt postadresse ved IKH. I oktober i fjor inviterte forumet til seminar om *Det gamle testamentet i omsetting og dikting*. Seminaret blei arrangert i Det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo, 22. okt. i haust. Teologar, språkforskarar og forfattarar møttest. Professor Øyvind T. Gulliksen sit i styret for forumet, og var med og leidde debatten. NRK fylgde opp med eit lengre innslag i etterkant.

Eli Glomnes og Julia Kristeva

Amanuensis Eli Glomnes førelas for studentar på masterstudiet i nordisk, UiO på Blindern, våren 2005. Ho delte ei forelesingsrekke i emnet *Tekst og kommunikasjon* med professor i sakprosa, Johan Tønnesson. Glomnes har m.a. førelest over ”Wittgensteins språkspill og Searles språkhandlinger” og ”Tekst og kropp: Kristeva og Merlau-Ponty”. Glomnes er invitert til å delta på same seminar våren 2006.

Anka Ryall med gjesteførelesing om pilegrimsreiser

Førsteamanuensis i engelsk ved Universitet i Tromsø, Anka Ryall, gjesta instituttet i september med eit foredrag om nyare litteratur kring pilegrimsreiser. Ryall underviste hos oss i studieåret 1983–84, og ho begynte alt då å samle stoff til boka si *Odyssevs i skjørt. Kvinners erobring av reiselitteraturen* (Oslo: 2004).

Kjartan Fløgstad om språk og nasjonalitet

I eit foredrag om språk og nasjonalitet 26. oktober trekte forfattaren Kjartan Fløgstad (biletet) opp att debatten frå i fjor om nynorskens rolle under andre verdskrigen. Fløgstads hovudpoeng er at målrørsla, indremisjonslaga og dei frilynte ungdomslaga var vaksinerte mot nazifiseringa av kulturen. Han understreka på nytt at riksmålsrørsla alt i 1941 allierte seg med Quisling-regimet i kampen mot samnorsk og kampen for å få kasta Kohts rettskrivingsreform av 1938.



Det er uvisst å seie kva Fløgstads argument vil bety for norsk språkpolitikk framover, men han har i alle fall minna oss på grunnleggande samanhengar mellom språk, klasse og nasjonalisme under andre verdskrigen.

Etter Fløgstad heldt Nils Ivar Agøy ei førelesing med tittelen ”Hvem er de beste *fedrelandsvenner?*, og Svein Ivar Angell snakka deretter om ”Nasjonal integrasjon i Noreg og Sverige”.

Ros til engelskstudiet ved HiT i Bø

Engelskstudiet ved vårt institutt var også i 2005 det mest populære i landet. Det syner ei undersøking i *Aftenposten* i mars 2005. Engelskstudiet i Bø ligg eit godt stykke framom tilsvarande studium ved HiA i Volda og ved alle dei fem universiteta. Small may still be beautiful… Undersøkinga viser at engelsk ved IKH i Bø skårar høgast når det gjeld fagleg og pedagogisk kvalitet på førelesingane, og når det gjeld evna hos lærarane til å skape fagleg engasjement.

Flott oppdrag for Ellen Schrumpf

Ellen Schrumpf gjesta University Institute Kurt Bösch i Sion Sveits i november. Ho var invitert til å førelese for masterstudentar om ”Child labour and the agency of working children in historical research”. Førelesinga hennar var ein del av opplegget for eit internasjonalt og tverrfagleg masterprogram i ”Children’s Rights”. Det skal også nemnast at rett før årsskiftet blei Ellen Schrumpf vår fjerde professor i historie.

Fra instituttets undervisningstilbud: *Peace Building and Conflict Management*

Denne gangen presenterer vi et av våre kurs som dessverre er altfor lite kjent. Kurset går på engelsk, og er en del av tilbudet som hver høst serveres for studentene på *Scandinavian Studies in Telemark*. Men kurset passer også godt for mange andre studenter. Det kan for eksempel inngå i et BA-løp både i historie og i engelsk. Kurset er på 5 studiepoeng, og ledes av Per Ingvar Haukeland (Telemarksforsking-Bø) og Erik Cleven (Nansenskolen). Begge har utdanning i faget fra USA. Det er et innføringskurs i fredsstudier og konflikthåndtering. Pensum og undervisningsspråk er engelsk. Det tar for seg konfliktstoff både på den store internasjonale arena og på heimeplanet. Det blir lagt stor vekt på *narrative modeller*, det vil si at en nærmer seg konfliktene ved at partene forteller sine historier om seg sjøl og andre, og lærer å forholde seg til slike fortellinger. Besøk til Nobelinstiuttet i forbindelse med utdeling av årets fredspris og fredspriskonserten inngår som en del av studiet.